

ÅRSMELDING Grønn-Hagen Bjørke Malawi Foundation 2015

Stiftinga vart etablert i 2009 og har som hovudføremål å bidra til utvikling for dei fattige i Malawi.

Hovudaktiviteten er å byggje klasserom og andre bygningar til eksisterande grunnskular, i 2015 har aktiviteten vore konsentrert om områda Chihame og Nkhata Bay South. I tillegg er vi involvert i bygging av ein vidaregåande skule, barnehage og ikkje minst med bygging av brønningar. Arbeidet skjer i tett samarbeid/avtale med lokale og regionale skulemyndigheiter og landsbystyre. Alt arbeid blir utført av lokal arbeidskraft, og vi legg vekt på opplæring av desse.

Rekneskapen er gjort opp med eit underskot på kr 759 774 i aktivitetsresultat. Hovudinntekta i 2015 kom frå tilskot på kr 658 574 frå NORAD til skulebygningar i området Nkhota Bay. Vidare fekk vi nær 190 000 kr frå Fosengaven, ei innsamling på Fosen. Her kom det også store gåver i 2016. Andre gåver er på om lag 315 000 kroner, av dette er 135 000 øymerka brønningar.

Underskotet for 2015 er dekkja inn av annan føremålskapital. Eigenkapitalen er på kr 3 056 157, i dette ligg også grunnkapitalen på kr 100 000. Føresetnader for vidare drift er såleis til stades. Stiftinga har avtale med NORAD om støtte til skulebygg på kr 800 000 pr år for perioden 2015-2017. Av utbetalte NORAD-midlar i 2015 står det att kr 141 426 som er nytta i 2016.

Alle innsamla midlar/gåver til stiftinga blir fullt ut brukte til prosjekt i Malawi. Gåvene kjem frå givarar som har høyrte om arbeidet vårt gjennom media, kjende osv. Vi brukar facebook-sida vår aktivt for å spreie kunnskap om arbeidet vårt, og både om og til støttespelarane. Døme på gåve til arbeidet vårt er skuleaksjonar, aktivitetar i barnehagar, støtteaktivitetar/innsamlingar i lokale organisasjonar og faste givarar (bedrifter og private). Organisasjonen har status som organisasjon med rett til skattefrådrag for givarar.

Rekneskapen er ein aktivitetsrekneskap, dvs gåver vert inntektsførte når dei er motteken, så langt dei ikkje er bundne opp til særskilte tiltak, eller (som NORAD-midlane) er gitt med atterhald om bruk i tildelingsperioden. NORAD-midlane blir inntektsført først når dei blir brukt.

I alt kr 92.609 er utgiftsført til lokalt tilsette i Malawi, inkludert pensjonskostnader og innbetalt skattetrekk til styresmaktene. Stiftinga sine administrasjonskostnader er bankkostnad, offentlege gebyr og dagleg leiar sine reisekostnader til Malawi. Reisekostnadene er dekkja inn av gåver som er gitt særskilt til dette formålet.

Stiftinga er frå og med 2013 registrert i Innsamlingsregisteret (Innsamlingskontrollen) og i Frivilligregisteret. Følgjande nøkkeltal for drifta er utarbeidd:

Nøkkeltal

Innsamlingsprosent: 100 %
(Viser forholdet mellom innsamla midlar og kostnader ved innsamling.)

Administrasjonsprosent: **1 %**
(Viser kor stor del av totalt tilgjengelege midlar som er brukt til administrasjon.)

Formålsprosent: **99 %**
(Viser kor mykje av totalt forbruk som faktisk er brukt på det ideelle formålet.)

Stiftinga har ingen tilsette i Noreg, og tre tilsette i Malawi (tre menn). Stiftinga har ikkje aktivitetar som forureinar det ytre miljøet.

Oslo, 30. juni 2016



Kari Bjørke

styreleiar



Arnstein Bjørke

styremedlem



Ola Grønn-Hagen
dagleg leiar